

Adressatar jf. adresseliste

2013/257 - 2909/2013

Hilde Rudlang, 51 96 38 15

01.07.2013

Høyring: sluttrapport frå Utviklingsprosjektet ved Nordfjord sjukehus – Framtidas lokalsjukehus

Helse- og omsorgsdepartementet gav i 2011 Helse Vest RHF i oppdrag å gjennomføre eit nasjonalt pilotprosjekt ved Nordfjord sjukehus for å utvikle sjukehuset som eit tidsmessig lokalsjukehus for Nordfjord. Prosjektet fekk tilført 25 mill. kr årleg over tre år.

Oppdraget skulle løysast innanfor rammene av tidlegare vedtak om tilbodet ved sjukehuset (jf. protokoll frå føretaksmøtet for Helse Vest RHF 28. april 2011), og ein skulle ta omsyn til Samhandlingsreforma og Nasjonal helse- og omsorgsplan (2011-2015).

Organiseringa av prosjektet

Helse Vest RHF har vore prosjekteigar, og arbeidet har vore organisert i eit omfattande utviklingsprosjekt med styrings- og prosjektgruppe og fleire arbeidsgrupper. Gruppene har hatt representantar frå kommunane i Nordfjordregionen, Helse Førde HF (Nordfjord sjukehus, Nordfjord psykiatrisenter og Førde sentralsjukehus), Helse Vest RHF, brukarar, tilsette og vernetenesta. Det har også vore ei fagleg referansegruppe med nasjonal representasjon.

I gjennomføringa av prosjektet er det vore lagt stor vekt på brei involvering og open og hyppig informasjon og kommunikasjon.

Modell for lokalsjukehus

Oppdraget til prosjektet har vore å utforme ein modell for Nordfjord sjukehus som er framtidsretta, og som gir eit trygt tenestetilbod til befolkninga i Nordfjordregionen, samtidig som modellen har overføringsverdi til andre lokalsjukehus.

Utforminga av modellen er basert på eit omfattande faktagrunnlag bygd på følgjeforskning og anna analyse- og utgreiingsarbeid. Innhaldet i den nye modellen er tilpassa behova til innbyggerane i Nordfjordregionen, ut frå befolkningsstørrelse, alderssamansetting og forbruk av spesialisthelsetenester. Modellen er eit bidrag for å bygge berekraftige lokalsjukehus som står seg over tid.

Sluttrapport

Styringsgruppa for utviklingsprosjektet har overlevert sluttrapport som gjer greie for innhaldet i modellen. Samandraget i sluttrapporten oppsummerer hovudpunkta i modellen.

Sluttrapporten med alle vedlegg (arbeidsgrupperapportar og delutgreiingar) er å finne på www.framtidaslokalsjukehus.no.

Sluttrappen, saman med ei oppsummering av høyringsfråsegna, vil bli lagt fram for styret i Helse Vest RHF.

Høyrings spørsmål

Helse Vest RHF ber om synspunkt på innhaldet i sluttrappen.

Høyringsfrist

Høyringsinnspela kan sendast til helse@helse-vest.no. Fristen for innspel er **5. august 2013**.

Med helsing



Ivar Eriksen
eigardirektør



Baard-Christian Schem
fagdirektør

Adresseliste:

UNIO, Hovedorganisasjonen for universitets- og høyskoleutdannede
Stortingsgt. 2, 0158 OSLO
e-post: post@unio.no

LO Landsorganisasjonen i Norge
Youngsgt. 11, 0181 OSLO
e-post: lo@lo.no

SAN, c/o NITO
Lakkegata 3 | Pb 9100 Grønland | 0133 Oslo
e-post: ingar.dragen@nito.no eller epost@nito.no

YS Yrkesorganisasjonenes Sentralforbund
Brugata 19, Oslo
e-post: post@ys.no

Akademikerne
Fridtjof Nansens plass 0160 OSLO
e-post: post@akademikerne.no